

Varhaugbuen



BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2008

Julegrana tennes

fredag 29. nov. kl. 17.30

Plast- innsamling

laurdag 13. des.

klokka 10.00 - 13.00.

Breiband på Ualand

Driftige koner
syter for familien og
forsamlingshuset

Gjenbruks- butikken

gå trykande.



1. klasse 2004

Varhaug - Madagaskar - Molde

- Eg er fødd på garden heime, Ueland som yngste av 10 søsken. Det var på ettermiddagen, ca.kl.15.00 og dei fleste i familien var ute på myra og skar torv. Det var brensel den gongen,- og mange kom til Ueland for å få tak i torv.

Dåpen var i Varhaug kyrkje og alle 7 ára på folkeskulen var i Ueland krins. No er skulen visstnok grendahus, men den gong full av skuleborn frå gardane i krinsen. Neste steg var framhaldsskulen på Varhaug sentrum,- eit ombygd hønehus!

Eg misste far min tidleg, så eg måtte arbeida eit år for å kunne tena til vidare skule. Neste skule vart Tryggheim ungdomsskule i eit år før eg fekk plass på Bryne landsgymnas. Eg var visstnok den første i Ueland skulekrins som hadde artiumsvitnemål. I russetida på Bryne skulle to av kristenrussen skriva nokre artiklar til kristenrussavisa. Det var Jostein Nesvåg frå Sokndal og eg. Vi samarbeidde om artiklane, og vi begge skreiv at vi ville bli misjonærer. Allereie frå eg var 14-15 år hadde eg misjonærtenesta i sikte, utan at eg tala so mykje om det. Det vart mest som en løyndom inne i meg sjølv,-fram til artiklane i russeavisa vart kjent omkring.

Slik fortel Kjell Ueland om sin barndoms- og ungdomstid heime på Ueland. Som pensjonist bur han saman med kona, Anne Marie på Kviltorp,-ein bydel i Molde. No om dagane er siste førebunigar i gang til utreise til Frankrike. Saman skal dei to pensjonistane gå frå Puy (sørom Lyon) framover til Pyreneene og mot Santiago del Compostela. Frå 15.september og i vel 2 månader er dei undervegs. Det vert omlag 7-800 kilometer. Vi må ha lette bører, seier dei to, medan Anne Marie ordnar med kaffi og kaker. Difor må ein berre ta med det som er særskilt viktig i sekkane.

STAVANGER

Tiedemann Strand, styrar på Misjonsskulen i Stavanger, tok i mot dei to ungdomane frå Bryne gymnas til samtale. Dei fekk plass, og vart buande på same rom i 2 år. Etter den tid flytta dei ut til murhuset på Misjonsmarka og fekk kvart sitt rom. Det var regelen den gong. Nesvåg reiste seinare ut til misjonsteneste i Sør-Afrika, medan Kjell Ueland fekk si teneste på Madagaskar. Etter fire og eit halvt år i Stavanger, vart resten av prestestudiet i Oslo,- på Menighetsfakultetet.

LEIRSTADEN I ÅRDAL

Misjonen hadde leirar i Årdal. Der fekk Kjell Ueland gjera teneste som vedlikehaldsarbeidar og elles hjelpe til. Skulle ein ha pengar til skule og studier, måtte ein arbeida i alle feriar. I sommarferien var det også nokre predikantar som gjorde praktisk teneste. Elles i året reise dei i krinsen, men var med i leir-verksemda i feriemånadene. Her hadde Kjell Ueland ei god tid, med god samtale med predikantane og gilde samvær. Best var det kanskje at Anne Marie frå Finnøy kom til leirstaden. "Det var sommar og vi møttest på det viset...."

FØREBUINGAR OG UTREISE

Vi måtte venta til utdanninga var ferdig før vi kunne gifta oss. Det var regelen for alle på Misjonsskulen. Dei to første laurdagane etter eksamen gifta alle seg,- så vi kan godt huske bryllaupsdagen for heile kullet,-seier dei to med eit smil.

Militæret sendte straks innkalling til feltprestteneste i Trøndelag. Arbeidet mellom soldatene på Værnes i Stjørdal og Gråkallen i Trondheim var utfordrande og lærerikt. Anne Marie,- som var utdanna lærar, fekk vikarstilling ved ungdomsskulen og vidaregåande skule i Stjørdal. Divisjonsmusikken (militærets korps i Trondheim) var med i julegudstenestane for soldatene og det heile vart festgudstenester som eg har gode minner frå,- fortel Kjell Ueland. I januar 1968 reiste dei til Paris for å læra fransk, og i slutten av september same året vart det utreise til Ivohibe, Madagaskar.

MADAGASKAR

Etter ei tid i hovudstaden med språkkurs (gassisk), gjekk ferda ut i "bushen".

Anne Marie skulle vera styrar for ein skule der, medan eg fekk teneste som misjonær og distriktstyrar,- som liknar på det ein prost har som arbeid her heime. I 1973 kom vi heim til Stavanger for eit år. I den tida vart det å reisa rundt om i landet for å gje misjonsinformasjon og halda prekenar. Kvar gong vi kom heim var det slik. På det viset fekk vi møta misjonsfolket og gje verdfull innsyn i arbeidet. Etter 6 nye spanande år ute (denne gong til Marlolambo,- som tyder mykje villsvin) kom dei heim til Finnøy,- Anne Marie's heim.



” Men no skal vi gå
nokre mil som pilegrimar.
Det ser vi fram til.. ”

Eit brev frå militæret minna dei på at det var ei restteneste som venta. Eit halvår som stasjonsprest på Sola vart ei ny og utfordrande teneste. Tananarive,- hovudstaden på Madagaskar vart så neste arbeidsstad i 4 år. Mykje av arbeidet vart å halda kontakt med kontoret i Stavanger, reise kring om i landet for å sjå til misjonærane og vera eit bindeledd til styresmaktane. Kjell Ueland vart vald til tillitsmann for heile Madagaskar ,og det var mykje å gjera. I skuleferiane var heile familien med på reise kring om i landet,- noko som ga dei mange gode opplevingar saman.

HOTELLDIREKTØR

Etter at dei kom heim frå Madagaskar for godt (borna skulle gå på skular osv) ville Kjell Ueland reise som distriktssekretær i krinsen. Misjonens leing ville noko anna. Kjell Ueland svara ja til kallet som styrar for Misjonsbibel-skulen i Stjørdal som i tillegg hadde eit hospits. Det vart mykje nytt som skulle lærast. Anne Marie fekk lærarpost og familien var samla for første gong. Etter nokre få månader vart det bestemt at skulen skulle flytta til Trondheim. Det vart mykje ekstraarbeid for Kjell Ueland. Familien, w5 born og 2 vaksne, som no hadde fått ein heim i Stjørdal ville ikkje flytta på ny. Løysinga vart å pendla i eit år. Då vart skulen nedlagt, og Kjell Ueland vart kalla til krinssekretær for Misjonsselskapet med Nordmøre og Romsdal som arbeidsområde. Etter 5 år i krinsen, vart det 7 år som kyrkjelydsprest i Bergmo-området i Molde. Eidsdal på Sunnmøre ligg mellom Trollstigen og Geiranger. Det var dei siste 4 åra før pensjon. Kjell Ueland vart tilsett som sokneprest der,- med bustad i Valldal.

GUTANE PÅ VARHAUG

Medan vi var ute samla ei gutteforeining på Varhaug inn pengar til nokre prosjekt vi hadde der ute. Jærbuarane er rause og gavmilde, seier dei begge, og fortel at det vart pengar nok til å løna 8 lokale prestar heile året i 3 år. Til vanleg var dei berre i arbeid i nokre månader, og resten av tida var dei bønder. Gutane samla inn nok til at evangeliet fekk lyda for mange der ute...

VIKAR OG STOR TAKKSEMD

Den siste tida har Kjell Ueland vori vikar i Rauma (Åndalsnes). Ein hjarteoperasjon for ei tid sidan var vellukka. Mykje tid har han saman med Anne Marie nytta til teneste på misjonens leirstad, Philipshaugen på Nordmøre. Ringen er slutta.

*”Det er med stor takksemd eg tenkjer på tida
heime på Jæren og ute i verda.*

*Mange opplevingar, ei tid med meining,
ei teneste som eg ville vera med i og eit siktemål
med å gje fleire kall til eit liv med Kristus.”*

Det er konklusjonen.

Korpset 50 år

Som tidligere nemt har Varhaug skolemusikkorps 50 års jubileum, dette feiret vi med konsert lørdag den 27 september.

Kristian Lima holdt en en underholdene og tegnende tale, der vi som ikke selv har spilt i korpset virkelig forstod at vi hadde gått glipp av noe.

Også korpset fikk gaver når det fylte året, til disse sier vi tusen takk.

Samtidig med feiringen av korpset hadde vi gleden av å feire Iris Haaland og Liv Skretting som fikk pokaler og blomst for 10 år i korpset. Dette ble utdelt av NMF sin representant fra Jæren, Tore Bjørnheim.

Til slutt vil jeg takke alle som stilte opp å gjorde denne festkonserten mulig.

Lill-Marete Egge Lye



Liv Skretting

Dette ble en kjempe kjekk kveld der alle viste seg med solsiden. Fantastiske musikanter i alle aldre som spilte som de aldri hadde gjort noe annet. Både sammen som korps og noen helt fantastiske soloer, kjenner gåsehuden når jeg tenker på det.





Silje E. Varhaug



Sonja Beate Ege

Vigrestad Brassband var med og viste oss at korps er ikke noe vi slutter med når en går ut av grunnskolen.




FRÅ REDAKSJONEN

Når det redaksjonelle skal skrivast, er det vanleg at eg kikkar på same nummer for tidlegare år for å sjå kva eg var oppteken av då. I fjor skreiv eg om ruskevær og fine dagar akkurat slik det har vore nå i det siste. I 06 var eg oppteken av dei 7 kakesortane me alltid burde ha til jul, men som det var lenge sidan eg hadde laga. I 05 gjekk det om Alf Prøysen og oppretting av feil frå i fjor.

Kva er eg så oppteken av i år? I alle fall ikkje dei 7 kakesortane så pass tidleg i november. Men eg har vore på den første julemessa, så der kjøpte eg litt. Men dei varer nok ikkje til jul, men det vert vel andre julemesser der ein kan få kjøpa seg noko.

Elles har eg vore mykje på farten denne hausten både inn- og uteanlands. Den siste var for 2 veker sidan då eg var i Arendal i gravferd. Søskenbarnet mitt vart påkøyrd i eit gangfelt, og døydde av skadane. Livet er ikkje alltid rettferdig, for dei 3 borna – vaksne nå – mista og faren i ei trafikkulukke for 24 år sidan. Statistisk sett skal vel ikkje slikt gå an?

Godt nytt år!



Skulefritidsordninga på Varhaug har tatt initiativ til eit sama

Idèen kom etter at me hadde høyrte om eit prosjekt i Bergen, der eit av måla var å gjera barna kjende med lokalmiljøet sitt. Til å skapa ei levande og god bygd å veksa opp i, å ta vare på det me har, samstundes som me ikkje må gløyma å sjå framover og fornya oss.

Etter ei idemyldring der me sette ned på papiret kva me har her på Varhaug, fann me ut at her er faktisk talt mykje spanande når det gjeld butikkar og næringsliv. Me tok kontakt med bedriftsforeninga, og det blei eit veldig positivt møte.

Våres ynskje var å få koma ut til ulike bedrifter, la barna gjera seg kjent med kva som skjer.

Ta dette med attende til skulen, laga plakater med bilete og presentera for andre elevar.

Så langt har me vore på Rådhuset, sjå Uldal a/s og hjå Rørlegger Team.

Før jul skal me òg innom Mega, det gler me oss til.

For å få alt dette til, har me i SFO fått fantastisk god hjelp av bedriftsforeninga. Me ser fram til vidare samarbeid og nye muligheter.

Me ynskjer at barna skal sjå verdiane som er i lokalmiljøet, samt nytta seg av dei mulighetane me har her.



NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
Jon Harald
Håland as
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD
HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS

Arbeid med Varhaug bedriftsforening



Nytt frå Misjonshuset

Det går fort mot jul nå. Og på seinhausten er det kvart år to julemesser der ein kan få kjøpt julegåver, julekaker, og julenek. Og julegraut og anna mat vert det og. Misjonssambandet si messe var 14-15. november, medan NMS si messe vert 28-29.november. Velkomen.

Elles er det tradisjon at "me syng jula inn" på Misjonshuset,- og det vert 14. desember klokka seks.

Same dagen arrangerer "vi over 60" julemiddag for dei godt vaksne.

Og når julaften er over,- står juletreffestane for tur, annendagsfesten 26/1 og sundagsskulen 27/12. Det vert sjølv sagt nyttårsfest for ungdomslaget. Og når ein er komen over i neste år, så kjem Auestadbasaren 6/1-09 kl 1200 som første store arrangement.

Og deretter kjem årsmøter for misjonsorganisasjonane om måndagskveldane.


Så elles møteprogrammet for Misjonshuset, det finn ein på internett og møtene vert annonserte på oppslagstavler på SPAR og handelslaget og på misjonshuset.

Internettstida til Misjonshuset er: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndag og torsdag frå 1900 til 2100 og telefon er 51430808

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Finansfred og bankro

Bortsett frå eit knippe talfikserte kvinner og menn på Hå Gardsrekneskapslag, HRD, Sparebank 1-SrBank og Time Sparebank, så er Varhaug bygda der ordet finanskrisa blir møtt med eit knapt synleg skuldertrekk under allværsjakken av fjorårets modell, kjøpt med småstressa urinblære hjå Lars Gaute ein laurdag i februar 08 i stiv kuling og 8 grader minus.



I kaffikroken på Felleskjøpet, der den faste gjengen solide bønder møtest kvar morgon, er konkursen hjå våre gode naboar på sagaøya Island knapt verd ein einaste liten drøserunde rundt det innrøykte bordet. Eit bord der bordplata er prega av halvfulle kaffikrus og eit flekkete eksemplar av Rogalands Avis som lovar nok ein svart dag med raudfarga blodbad på børsen.

- Kva er vitsen med Harvard, Yale eller Princeton og BI?, vågar kanskje eine bonden seg til å spørje, dersom det mot alle odds skulle bli stille rundt bordet lengre enn eit lite mikrosekund.

- Ingen ser ut til å ha lært noko som helst sidan sist økonomien kollapsa på Wall Street og i resten av verda i 1929, seier bonden med ei malmtung og småsår røyst, prega av 20 daglege filterfrie South State gjennom eit langt liv. Han strekar under meiningsløysa med å daske ei knytt, trevla og siloluktande bondehand i bordplata medan dei andre rundt bordet febrilsk freistar å berge kaffikrusa frå å velte og lage ein lokal kaffi-tsunami.

Bonden har sjølv sagt rett. Alle må skjønne at dei som har forstått og lært om nøysemd og nøktern bruk av kroner og øre bur på Varhaug. Dei fleste av desse veteranane har i si tid gått på universiteta på Auestad, Lerbrekk og Ueland.

Difor har gamlekarane på Se og Hør, avdeling Coop Varhaug, langt viktigare ting føre seg enn å jamre seg hemningslaust over armanidresskledde, amerikanske og totalt kompetansemanglande finansjyplingar. Karane på Coop lempar dyr skrå innføre erfarne lepper i trygg forvissing om at setelbunkane, tente gjennom tiår med ærleg arbeid, ligg trygt og ynglar innføre bombetrygge vegger hjå Mindor

Jelsa og dei andre i banken. For Mindor er til å stole på. Han har i si tid gått på universitetet på Lerbrekk.

Det er årsaka til at me frå Varhaug lær finansfolk - som for tida strever med tome kontoar og fuktige sveittemerke i armhola på storleik med Lake Michigan i springflod - segle sin eigen brottsjø.

For varhaugbuen tilhøyrer det som Garborg kallar eit sterkt folk. Som grev seg gjennom livet med grubling og slit, putlar med jorda og granskar skrifta, piner korn av auren og von av sine draumar. Han trur på skillingen og trøystar seg til Gud.

Men varhaugbuen har mistet trua. Ikkje på Gud. Bygda ligg framleis midt i bedehusland. Men me har mistet siste rest av trua på såkalla Wall Street ekspertar og panikkslagne senatorar med furer i ansiktet på størrelse og lengde med brunsvidde Gran Canyon. Me har mistet trua på Oslo Børs, Dow Jones, Nasdaq, dollaren og den Amerikanske draumen. Siste resten av den trua vart teken av ein frisk hauststorm frå vest tidleg i september.

Friske dyr på båsen og fulle surførsiloar etter sommarsesongen er viktigare økonomiske plussteikn for varhaugbonden enn ein stressa DNB-sjef med nervøst skjelvande rentefot som

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

Føttene trenger også fagfolk !

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2 etg SR bank)

SLÅING • RAKING • PRESSING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10



tviheld på pengane, taburetten, slipset, fallskjermen, bonusen og rentesatsen. Ærleg løn frå Uldal, Gordon, Stubo, AH-Bygg eller Waldeland og Dubland er langt viktigare for oss enn aksjekursen på Frontline, Telenor og Statoil-Hydro. Ein sprangvillig ver og sauene i god brunst på friskt haustbeite på Hobberstad, Komlavodl, Figgjane, Trillurå eller Jerodlå er meir avgjerande for framtida enn ein endre-uvillig halvtørr sentralbanksjef med slekt frå Finnmøy.

Den edruelege og jordnære varhaugbuen reiser ikkje til hytta på Sørlandet i helikopter eller i SUV til 2,5 millionar. Oksekatalogen, Bondevennen, Jærbladet og Misjonstidende er langt viktigare lesestoff for oss enn Financial Times, Dagens Næringsliv eller VG-sladder om Rimi Hagen sine skjortesnippar.

Med andre ord: Lite har endra seg i bygda vår sidan i fjor. Dermed kan me, som tidlegare år, vandre frimodig med våre Visa-kort inn i adventstida. Inn til M44, Jærhagen eller like inn til Kvadrat. Moder kan frimodig tenne alle ljøs så poden kan lese Stomperud i ein opplyst sofakrok. Far kan i fred med Mindor og naboen balansere heim bjørkeved på holkeføre og kjøre posen

med pinnekjøtt heim frå Skrettingen med nye støysvake vinterdekk frå ein julepynta Essostasjon.

Gangen og julekvadet rundt grantreet frå Erik T. eller Gudbrand kan utførast med faste skritt, klar røyst og rett nakke utan stressknutar. Og me kan ønskje kvarandre god jul, godt nytt år og takk for det gamle!

Sjur



ÅRSMØTE

I VARHAUG BONDELAG

Det vart halde årsmøte i Varhaug senterparti på Lerbrekk skule 21. oktober. Maten var god og servisen likeså! Terje Mjåtveit, Torbjørn Kvía og Kåre Wiig var med for å orientera om arbeidet i Kviamarka. Arbeidet i Kviamarka går tilbake til 1980 då kommunen kjøpte areal her. Prior var dei første, dei fekk gratis tomt. Seinare har kommunen kjøpt meir areal her, og no er det ikkje næringstomter att. Kommunen driv med arbeid om vidare utvikling.

Ein fekk orientering om Tine sitt nye anlegg og om det nye gartneriet. Gartneriet vert det største i Noreg, med heile 77 dekar.

Jon Lea og Håkon Varhaug takka for seg i styret. Ole Andreas Aarsland vart gjenvald som leiar. Oddvar Ueland og Sigbjørn Tjelta vart valde inn som nye styremedlemmar.

Det nye styret er:

Leiar: Ole Andreas Aarsland
Nestleiar: Leiv Kristian Skrettingland
Sekretær: Sigmund Ueland
Kasserer: Kristin Skrettingland-Haarr
Studieleiar: Sigbjørn Tjelta
Skulekontakt: Oddvar Ueland
I.varamedlem: Tommy Skretting



Driftige damer etablerte bredbånd selv

De var lei av elendig internettilknytning og av å vente på at en av bredbåndslleverandørene skulle komme med et akseptabelt tilbud. Seks damer på Ualand ved Varhaug slo seg like godt sammen og etablerte sitt eget trådløse bredbåndsnett. Nå leverer de høykvalitetslinje til 30 husstander på ikke-kommersiell basis.

Anne-Cath. Grimstad

- Det hele startet for to år siden, forteller Kirsti Ueland. Hun er en av de initiativrike kvinnene i grenda, fem kilometer utenfor Varhaug, og nå leder av BPU- Bredband på Ualand DA.

- Vi er til dels bønder med behov for blant annet innmelding av tall til Husdyrkontrollen, vi er selvstendig næringsdrivende med hjemmekontor og ikke minst skolebarnsmødre. Og i Hå kommune er skolebarn avhengig av internett-tilgang for å få gjort hjemmeleksene sine, sier hun.



LEDER: Kirsti Ueland er leder for BPU DA, og er den mest tekniske av "bredbåndsdamene". Til daglig er det hun som overvåker og drifter det trådløse nettverket



BREDBÅNDSDAMENE: Jentene på Ualand ville ikke sitte og vente på at en eller annen leverandør fant det for godt å føre bredbånd til bygda. For to år siden gikk de i gang selv, og nå drifter de trådløst nettverk for 30 abonnenter. Her har fem av de seks gått i stigen med nødvendig utstyr for fotografens skyld. Fra toppen ses Anita Ueland, Annbjørg Skretting, Greta Ravndal, Kirsti Ueland og Tone Ånestad

Elendig internett-tilgang

Ualand tilhørte de såkalte hvite flekkene på kartet, det vil si der det ikke fantes eller forelå planer om bredbånd via fiberoptikk eller ADSL i regi av noen av de eksisterende leverandørene. Riktig nok fantes det en lokal leverandør av trådløst internett med et tilbud via radiolink, og flere av husstandene var knyttet opp mot dette. Men nettet var stort sett veldig tregt, samtidig som selskapet gav signaler om at de hadde planer om å avslutte tilbudet.

Sjekket markedet

De seks kvinnene dannet en privat "aksjonsgruppe" og begynte å se seg om etter andre leverandører. En rekke bredbåndaktører ble kontaktet, men alle sa at det var uaktuelt å bygge ut eit bredbåndnett på Ualand de nærmeste årene. De mobile tilbudene til Telenor og Ice ble også sett på, men de hadde ikke tilfredsstillende bredbåndsfart.

I egne hender

Medlemmene av aksjonsgruppa hadde ikke tid til å vente på at framtiden skulle komme til Ualand, og begynte å undersøke om det kunne være andre måter å få bredbånd til bygda på. Og det var det. Ved hjelp av en utflyttet Ualandsgutt som teknisk konsulent og en avtale med en bredbandleverandør som opererte på Varhaug, kom man fram til at man kunne nå alle de interesserte med et privat, trådløst bredbånd via radiolink fra et hustak på Varhaug til et løetak på Ualand, med videresending fra dette til andre punkt på andre løetak og deretter ut til de aktuelle husstandene.

Regnestykke

- Moderne utstyr og teknologi gjorde det mulig å sikre en minimumsfart på 2 Mbit i opp- og nedlasting til en akseptabel pris til hele Ualand og tilstøtende nærområder, forteller Kirsti Ueland. Men det krevde investeringer i hundretusenkrone-klassen. Forut-

setningen for at regnestykket knyttet til kassakreditt, investeringer, drift og inntekter skulle gå opp, var at minst 25 husstander var villige til å betale to tusen kroner i etablering, og binde seg til et abonnement på minst 12 måneder med en månedspris på kr. 600,-.

Stor interesse

Rundspørring i bygda viste stor interesse, og for rundt et år siden etablerte etableringsgruppa et første testnett for å sjekke kvalitet og stabilitet. Ved årsskiftet 2007/2008 ble så BPU – Breidband på Ualand etablert som et BA (begrenset ansvar), der Kirsti Ueland ble valgt til leder og de øvrige jentene i gruppa trådte inn i de andre styrevervene dette første driftsåret. I løpet av våren og sommeren ble så det permanente sende- og mottakerutstyr montert, samtidig som man begynte å kople opp de abonnentene som hadde meldt sin interesse.

Stabilt og velfungerende

I dag står laget ansvarlig for tilbud og drift av et stabilt og velfungerende trådløst bredbånd til rundt 30 husstander. I praksis overvåkes og driftes nettet av etableringsgruppa selv i samarbeid med den utflyttede sambyggingen. Denne bidrar med tekniske dagnadstimer, mens jentenes sønner og ektemenn stort sett har sørget for monteringsarbeidet rundt om kring.

Ikke-kommersielt

BPU er et "ikke-kommersielt" lag. Målet har vært å skaffe bygda et godt bredbåndstilbud, uten at noen skulle tjene penger på tiltaket. Gruppa har lånt og investert mer enn 100.000 kroner. Når kassakreditt og investeringskostnader er betalte ned, vil imidlertid overskuddet komme abonnentene til gode ved at månedsprisen reduseres, og forhåpentligvis etterhvert nærmer seg det nivået man finner i mer sentrale boligstrøk.



GOD HJELP: BPU-damene har fått god hjelp av sønner og ektemenn og monteringsarbeidet har foregått i all slags vær.



Veldig fornøyd

UTÅLMODIG: Karen Ueland sier hun er litt utålmodig av natur. Men det trådløse bredbåndsnettet på Ualand er mer enn raskt nok.

Karen Ueland er en av dem som har fått ny bredbåndshverdag gjennom det private trådløse nettet på Ualand denne høsten.

Hun har riktignok ikke vært tilknyttet i mer enn noen måneder, men bortsett fra at mottaksantennen måtte byttes helt i starten på grunn av en teknisk feil, har nettilgangen vært både rask og stabil.

Karens ektemann Kristoffer Emil

er avhengig av nettet i sitt virke som gårdbruker, mens husfruen selv stort sett bare bruker internett til e-post og nettbank.

- Men jeg er egentlig veldig utålmodig av meg, så dette med at alt går så fort på dette nye nettet, er helt fantastisk, ler Karen. - Og det er en helt ny opplevelse for meg, for der jeg bodde tidligere, måtte vi få internett over satelitt, og det tok sin tid.



INSPIRASJONS-SAMLING

Både Aud Håland og Eva Aniksdal var på samlinga som fylkeslaget arrangerte nyleg der Vigdis Eidsvåg var "inspiratoren". Ei kjempeflott samling seier dei begge, så nå er det berre å sjå om me andre i laget og får litt inspirasjon gjennom desse. Å læra nytt, og ikkje minst å kunna sjå laget sitt med nye augo treng me alle for å få ein ny giv til å halda fram med bygdekvinnelaget i bygda. "Trivsel i bygda" er eit av NBK sine viktige saker for tida. Me meiner sjølv at bygdekvinnelaget tek del i mykje av det som skjer i bygda vår, og på den måten er med på å oppfylle NBK sitt ynskje. Me kan her nemna Varhaugmarken, haustakkegudstenesta, gåver til lag i bygda, slik som i år til skulekorpset i høve 50 års dagen deira og ikkje minst Varhaugbuen.

Liv

Fakta:

Dette er BPU

- BPU- Breidband på Ualand BA er en ikkekommersiell bredbåndstilbyder som er etablert av seks damer på Ualand og omegn: Kirsti Ueland, Tone Ånestad, Anita Ueland, Greta Ravndal, Annbjørg Skretting og Anne-Cath. Grimstad.
- BPU tilbyr trådløst bredbånd til alle interesserte på Bjorheim, Årdal, Tjelsenga og Verket, husstandene innenfor kommunegrensa langs Buevegen fra Skrettingland og østover, Ualand, Holmavatn, Høgjæren og det meste av Elgane ut til Varmekrå.
- Gruppen har lånt og investert mer enn 100.000 kroner, og har sammen med sine medhjelpere lagt ned mellom 400 og 500 dugnads-timer i møtevirksomhet, utredning og planlegging, gjennomføring og montering av utstyr.
- BPU BA har også installert permanent bredbånd og trådløst nettverk i Forsamlingshuset på Ualand, som en gave til bygda. Med det er bruksområdet av huset utvidet, og vil blant annet kunne brukes til datakurs og kurs i internettsøking.
- BPU- Breidband på Ualand BA har egne nettsider, og interesserte kan finne mer informasjon om det private bredbåndstilbudet på Ualand på www.breidband.no.

Julekonsert

m/Kathrine Håland Varhaug og
Håkon Bjorland Hansen
I Varhaug kyrkje, fredag 5. de-
sember kl. 19.00

"det glade budskapet" om Jesus, som
gjeld ikkje bare i julehøgtida, men
HEILA ÅRET.

Derfor har eg valgt sanger som be-
tyr mykje for meg. Men det varierer
frå fengjande gospel til julebalader og
salmar.

*Kathrine, - det anar meg at det ligg
mykje arbeid bak eit slikt arrangement?*

Å, ja- når eg seier Me, så betyr altså
det at eg har fått mange med meg.
Fyrst var me nokre som diskuterte
opplegg, sangvalg, plass, m. m. Så
måtte det avklarast med musikanane,
folk til koring, nokon til å styra lyd
og prosjektor. Andre står for senela-
ging og pynting o.s.v.

– Og så er det ei stor glede at
Håkon Bjorland Hansen skal syngja
åleine, og i lag med meg, på konser-
ten.

Ja vel, Varhaugfolk og andre. Få
med deg denne opplevelsen 5. desem-
ber i Varhaug kyrkje kl. 19.00.

Skulle dagen ikkje passa, er det mu-
lighet i Undheim kapell 4. des., eller
Ogna kyrkje den 6. des kl. 19.00.

Bilettar er å få kjøpt hjå: Spar
Varhaug, Bok og media Nærbø og
Bryne, Bensinstasjonane på Ogna og
Vigrestad og Undheim Handelslag.
Billettpris:

Vaksne kr150,- barn/honor kr 100,-
fam. kr 450,-

Inntekta av konserten går til
Hjelparbeidet i Ukraina, gjennom
stiftelsen K.P.K.

For meg er det viktig å få hjelpa,
seier Kathrine.

Då vil Varhaugbuen sin utsente få
takka for "drøset", og ynskja Kathri-
ne m/ team hjarteleg til lukka med
konserten.

Sigbjørn



Men før det har "Varhaugbuen" lyst
til å ha eit lite drøs med Kathrine.
Ho er 31 år, gift med Erlend og har
gutane, Eigil, Snorre og Runar. Til
kvardags arbeider ho i Lensmanns-
garden barnehage, som førskulelærar.


*Og nå vil du halda julekonsert.
Kvifor?*

Eg har i grunnen alltid vore glad i å
syngja.

Ja, det kan du sei! – I mitt in-
dre dukkar det fram minne frå
den tid du "var heilt ung og" vart
synleg" gjennom Varhaug Ung-
domskor på Misjonshuset. Mange
tenkte då: Her er ei dama me får
høyra meir ifrå.- seinare i livet.

Kathrine er audmjuk når ho seier:
Eg hadde konsert i Varhaug kyrkje
for to år sidan. Den gongen kom det
så mykje folk at alle slapp ikkje inn.
Det var bare heilt enormt. Dei gode
tilbakemeldingane eg fekk då, har
liksom lege der og "kverna" i hovudet
mitt, at dette måtte me gjera på nytt.
Og frå i sumar av har me vore i gang,
med førebuingar, og etter kvart kom
øvingshelgene og i gang.


Det som driv meg djupast sett, er
gleda over å få vera med å syngja ut



SJAKK PÅ VARHAUG

Frå midten av oktober av starta me
med skulesjakk på Nærbø. Speledag
tysdag 1730 - 1845 i musikkrommet på
Motland skule i staden for som tidlegare
på Varhaug skule. Dersom nokre på Var-
haug vil vera med og spela på Motland,
så kan får me til ei ordning med kjøring.
Førebels har frammøtet vore labert- det
er sterk konkurranse om tida, og fot-
balltreningar vert nok prioritert framfor
sjakksamlingar.

På Vigrestad speler me sjakk på tors-
dagar kl 1730-1845 i underetasjen i det
gamle biblioteket ved jernbanen. Her er
8-12 ivrige gutar og jenter med,- og dei
beste er blant dei fremste i Rogaland i si
aldersklasse. Ein vart kretsmeister (Mar-
tin Nilsen) og to andre er godt framme
i turneringane i Rogaland skulesjakkut-
valg. Til våren vil me ha ein sjakkdag for
Hå, og også arrangere ein BGP turne-
ring anten på Vigrestad eller på Varhaug
misjonshus.



Haustfesten i Svala 4H

Svala 4H hadde haustfest fredag den 17. oktober. I alt var det 23 medlemmar som stilte ut prosjektoppgåvene sine. Festen byrja med at leiar Guri Bratland ynskja velkommen, etterfølgt av ei biletfamvisning frå året som var gått. Me var og så heldige og hadde besøk av representant frå kommunen; Tobias Ånestad, som skrøyte av dei fine utstillingane og kor lærerikt det er å vera med i organisasjonen.

Underhaldinga byrja med kjekke innslag frå aspirantane, blant anna sketsj og dans. Etterpå var det tid for mat. På menyen stod det gryterett frå Skrettingen. Då alle var vel forsynte, var det tid for årsal. Me lodda ut fine premiar som blant anna fruktkorg og ulike 4H artiklar. Halvparten av inntektene gjekk til 4H sitt U-lands prosjekt i Kamerun. Underhalding vidare for kvelden stod juniorane og seniorane for. Dei stilte blant anna med musikaliske innslag med fele og gitar, og ei songoppvisning frå 3 flinke jenter.

Så var det endeleg tid for merkeutdeling. Margrete Herredsvela frå 4H Rogaland, samt klubbbrådgjevarar delte ut merkene og plakettane til dei som har gjennomført 7 år (som junior/senior.). I år var det tre plakettmottakarar; Guri Bratland, Miriam Dyping og Ateneri Marí Rodríguez Høien. Representantar frå Varhaug Bygdeungdomslag og Varhaug Bygdekvinnelag dela ut pokalane for godt utført 4H prosjekt, som gjekk til Ingbjörg Bratland og Ingfrid Viland. Sidan Guri Bratland og Ateneri Marí Rodríguez Høien har vore medlemmar i Svala 4H i 9 år, fekk dei ein fin krystallvase. I tillegg fekk Guri Bratland ein gåve frå Svala 4H for den gode innsatsen ho har gjort for klubben i år.

Så gjestod det berre å takka for ein kjekk og vellukka haustfestkveld.

Ref. IB



Nybygg, påbygg og
rehabilitering

4360 Varhaug • tlf. 975 21 200 • 51 43 07 34

Magnar Hellenen



A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

Solarium
"Det er den beste og mest effektive måten å solbrune på!"
Hilde Salangen AS
Kerastase L'OREAL
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Alkohol, eit samfunnsproblem?

FAKTA:

- 100 000 nordmenn misbukar alkohol.
- Meir enn 100 000 born gruar seg til jul på grunn av at foreldre misbrukar alkohol.
- Kvart år døy 400 nordmenn der alkohol er grunnen.
- 80% av vold skjer under påverknad av alkohol.
- Ein tredjepart av korttidsfråvær på arbeidsplassane skuldast alkohol.
- Politi og rettsvesen kostar samfunnet 5,7 milliard kroner kvart år på grunn av alkoholrelatert kriminalitet.

Varhaug Fråhaldslag hadde eit festleg samvær før jul, der tidlegare ordførar i Lund, Kjell Erfjord var med oss og heldt eit både engasjerande og interessant foredrag om nettopp desse problema. Han kunne fortelja at anslagsvis 230 000 barn veks opp i heimar der alkoholen er eit problem.

Han meinte det var viktig å synleggjera kostnadane både for den enkelte og for fellesskapet, og at skule, lag og foreningar burde gje meir informasjon om dette. Avhaldsfolk er rollemodellar ved å ha ein glad og edru livsstil. Det er dessverre også viktig å ta opp alkoholbruken blant dei kristne. I solidaritet med dei svake i samfunnet.

Me har kamp mot narkotika, og det er viktig. Me har fått ei røykelov på grunn av helseskader, men alkoholen som er det største problemet er det vanskelig å få gjort noko med. Kankje, seier Kjell Erfjord, er det for mange polititkarar som sjølv er glade i alkohol. Han var også uroleg for aukande alkoholbruk blant dei kristne. Det er liten interesse for

å strama inn skjenketid, begrensa salstader, leggja på høgare avgifter og andre restriksjonar som me veit er dei mest effektive middel for å redusera alkoholbruken. Kjell Erfjord avslutta foredraget sitt med å påstå at det er me avhaldsfolk som er dei mest normale som ikkje treng noko ekstra stimulans i form av alkohol.

Elles var fengselsmusikken frå Stavanger med oss og gledde oss med songen sin. Dei kjem frå eit miljø som kjenner denne baksida. Og dei er ei stadfesting av dette som Kjell Erfjord heldt fram.

Me hadde også ei lettare servering og åresal, før formannen i Rogaland krets av Det Norske Totalavholdsforbund, Harald Johnsen frå Stavanger avslutta med andakt og appell til oss om å engasjera seg i fråhaldsarbeidet vidare. Det er ein appell som me i Varhaug Fråhaldslag vil støtta, og vil gjerne ha deg som har syn for dette om å vera med oss i laget. Og, som det vart sagt på festen, det er ikkje for vår skuld me arbeidar med dette, men det er tanke på dei unge og dei som lever under eit massivt drikkepress, godt støtta av sterke kapitalkrefter, ikkje minst gjennom massemedia.

Me ser gjerne at du tek kontakt med oss! Til slutt ein honnør til Hå kommunestyre som gjekk inn for reduksjon av skjenketida.

På vegne av Varhaug Fråhaldslag:
Sverre Anestad

Grødelandsstemmen Vel

Når det ein sjelden gong er skøyteis på Grøden, er det alltid ein fast gjeng som samlast for å kosa seg på isen. Men kva gjer desse når Grøden ikkje er islagd? Jau dei har fått ein time i Ishallen i Loen. Lørdagar frå kl. 17-18 har 6 til 13 lengdelauparar kosa seg på isen i Loen. Dette får dei halda fram med til 4. April, fortel Harald Bratland, ein av den "gamle garde".



Vervekampanje: "Alle spør en"

På januarmøtet var Olaug Ravndal og synte oss korleis me skulle vaska og stelle klede av lin. Ho viste oss både dukar og bunadsskjorte, som ikkje skal strykast etter vask, men glattast med natursvamp. Linkleda skal heller ikkje vaskast med vanleg såpe, men med såpespon. Resultatet vart heilt utruleg. Når lin vert glatta med varmt strykejern vert slitasen stor og den krøllar og fort. Olaug hadde med seg både svamp og spon som me fekk kjøpa. Det er fleire som har prøvt seg på dette heime, og der resultatet har vorte kjempebra.

I tillegg til dette var Hanne Elise Lindal og snakka om VM i saueklypping som skal vera i samband med Bjerkræimmarken 2.-5. oktober, og der medlemmar av bygdekvinnelaget har lova å vera med på dugnadsarbeid.

Februarmøtet var på Lerbrekk skule der Rønnaug Tunheim fortalde om og viste oss strikkeklede sine, som er eigen design og produksjon. Ho har verkstadutsal på Gudmestad 1.5 km frå Nærbø sentrum. Rønnaug hadde med seg fleire modellar me fekk prøva, og passa ikkje størrelsen heilt, kunne me berre bestilla enten ein større eller mindre, og i den fargen me ynskte. Klede har spanande fasongar, og det er 40 flotte fargar å velja mellom.

I mars har me ikkje hatt eige møte, sidan det var sonemøte på Bore. Då er alle bygdekvinnelaga på Jæren samla. Det er vanleg på desse sonemøta med skikkelig program, og i år var det kreftsjuepleiar Ragnhild Stangeland

som fortalde frå arbeidet sitt med kreftsjuke, og ikkje minst med dei pårørande. Ho var veldig god å høyra på, og det ho formidla ga oss alle noko å tenkja på. Overskotet på kvelden gjekk til det førebyggjande arbeidet ho driv med.

Etter at me hadde fått bondesuppe/brød, kaffi og kaker kom "Åtteren" og underheldt. Det er 8 vel vaksne menn som har sunge saman i mange år, og det såg ut som dei kosa seg saman med alle damene.

Aprilmøtet vert som tidlegare i arbeidsstova Krånå på Klockkartunet (tidl. Klockkargarden). Her vert det underhaldning av ymse slag, og høve til å kjøpa mat og kaffi.

29. mai vert det busstur til Terland og det flotte hageanlegget der. Bussen går frå Varhaug kl. 15.00

Til bygdekvinnelaget sine arrangement er alle velkomne.

Strikke-kafèen.

Siste gongen i vår vert måndag 7. April. Men er det interesse for det, startar me opp att til hausten. Norges bygdekvinnelag har sett i gang ein vervekampanje for 2008 med mottoet "Alle spør en". Så får du spørsmål frå naboen eller ei veninne om å vera med oss i laget, så vær positiv og sei JA!

*Helsing styret i Varhaug
Bygdekvinnelag*



VARHAUGBUEN

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varmedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Varmedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle

kapellet på Varhaug som eit

"kjennemerke" for bladet. Kva passer

vel betre då enn å ta med eit av versa

om kyrkjegarden av vår store poet

Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav

i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav

ein gløymlekednad god.

Men ein og annan merkestein

held fast eit minne enn

der han står vakt om deira bein

som levde i vår grend "

REGULERINGSPLANARBEID for området rundt Varhaug skule, mellom Opstadvegen og Ånestadvegen, og mellom Buevegen og Dublandsvegen er i gangsett. Dette er ein stor reguleringsplan i areal og fleire overordna trafikk-løysingar skal avklarast. Evt. ny jernbaneundergang/-overgang, utkjøring frå Ånestadvegen til Buevegen ved jernbanebrua, busstrassè og – stopp ved skulen, gang og sykkelsti til skular og barnehagar

13.

NÆRINGSAREAL TJEMSLAND AUST (nord for Buevegen) skal vera klar til bruk hausten 2009 om det ikkje vert stoppa av arkeologiske utgravingar.

14.

KLOKKARTUNET som no er i kommunalt eige, planlegg store om- og utbyggingar.

15.

TOPPAFELTET bør etter mange år i kommunal planlegging vera ferdig planlagt og leggjast ut for salg i 2009. Ei boligblokk og 15 tomter.

16.

REIESTADMARKA er ferdig regulert, det er no profesjonelle utbyggjarar som har hand om framdrifta i samarbeid med Hå kommune. Her er regulert inn 160 – 220 boenheter, nye friområder og tilkomst til Leksaren.

17.

BRATTLANDSMARKA er planlagt med ca. 190 boenheter, 65 er igangsett og det er gitt byggetillatelse til 23 stk. som ikkje er igangsett

18.

Styret i Varhaug bedriftsforening meiner det haster svært mykje med å formulera visjonar og planar for Varhaug og håper å få kommunen med i eit samarbeid som fører til klare formuleringar etter modell av Randaberg som byggjer på prinsippet: slik vil me ha det, slik gjer me det.

Me utfordrar med dette andre lag, organisasjonar, bedrifter, enkelt personar, politiske parti, skular og barnehagar til å koma med synspunkt og idèar til Varhaug bedriftsforening ved å ta kontakt med ein av styremedlemmene:

Jon Harald Håland 91181167 - jonharald@norgeshus.no

Heidi Dubland Bø 41276679 - heidiboe@yahoo.no

Morten Tjemsland 91390239

Gordon Bø 41505367 - spar.varhaug@ngbutikk.net

Elin Garborg 90182681 - elin.garborg@sr-bank.no

Bjarte Kydland 99161373

Til slutt sitat av Winston Churchill:

Først former me våre omgivelser, deretter former dei oss.

for Varhaug bedriftsforening Jon Harald Håland - leiar



Med tyskerne som nærmeste nabo

Massiv tysk tilstedeværelse preget hverdagen til dem som vokste opp eller hadde sin ungdomstid på Ueland i Hå på Jæren under andre verdenskrig. Men boka "MINEFELT", som denne høsten gis ut av Sambåndet Forlag, er likevel ingen krigsbok.

"...Om morgenen 9. april 1940 våknet ungene på Ueland ved Varhaug til noe som så ut som en enorm kråkeflokk over Jæren. Himmelen var svart av fly som kom sørfra med retning mot Sola flyplass, - alle i lav høyde over husene der de bodde. Flysvermen fortsatte i timevis, og det syntes som det aldri tok slutt "

Hverdagshistorier

Krigsutbruddet og de svarte flyene med hakekors på huskes av alle som var barn og ungdom i dette litt avsidliggende bygdesamfunnet under krigen. Men MINEFELT er likevel ingen krigsbok. Boka er en samling med barndomsminner fra Uelandsfolk som i dag er fra 63 – 90 år gamle, og som på grunn av bygdas geografiske beliggenhet, tilfeldigvis måtte tilbringe krigsårene i ualmennlig nær kontakt med tyske soldater og deres befal.

Utsikten ut over havet gjorde nemlig at tyskerne i 1942 bygde en svær radar med tilhørende installasjoner og forsvarsverk på Ueland, og med en bemanningen som tidevis utgjorde flere hundre personer. Disse preget hverdagsbildet, men forholdt seg ellers relativt fredelig til bygdefolket.

Boka inneholder skildringer av hverdagsliv og høytider, av lek, skole og samvær, hardt arbeid, lite mat og enkle kår, - men er selvsagt ikke helt uten skremmende møter med den tyske krigsmakten.

Bygdeprosjekt

De mange historiene er ført i pennen av journalist Anne-Cath. Grimstad (1954), som selv er bosatt på Ueland. Det hele startet som et oppdrag fra Tarald Ueland og Sambåndet forlag høsten 2007. Men etter hvert som

arbeidet har gått framover, er nedtegningen av barne- og ungdomsminnene fra krigsårene på Ueland også blitt et prosjekt av personlig interesse for den innflyttede trønderjenta, slik det har blitt det for så mange av intervjuobjektene og de andre medvirkende. MINEFELT er blitt en slags dugnad der Uelandsfolk og deres etterkommere i fellesskap har greid å redde en kulturhistorisk skatt som ellers ville blitt borte med krigsgenerasjonen.

Gamle og nye bilder

Et 30-talls kvinner og menn er intervjuet, og et mangdobbelte antall personer har latt seg avbilde sammen med gamle slektninger, gjenstander og minnesmerker fra okkupasjonstiden. I tillegg til en rekke innsamlede historiske bilder, er boka nemlig rikt illustrert med fotografier tatt av forfatteren selv.

MINEFELT er i hovedsak skrevet på bokmål, men med direkte tale forsøksvis gjengitt på jærdialekt. Den har 186 sider, er trykket i praktbokformat (liggende A4) og inneholder mer enn 200 bilder og illustrasjoner.

Kontaktinformasjon:

Flere opplysninger om boka, bakgrunnen og utgivelsen kan fås ved henvendelse til forfatter Anne-Cath. Grimstad (tlf. 915 36 622), eller til forlagsredaktør Tarald Ueland, Sambåndet Forlag (tlf. 489 59 613).

Anne-Cath. Grimstad/ Sambåndet forlag:
MINEFELT-
Barndomsfortellinger fra krigsårene på Ueland



BUNKERSEN PÅ HØGEVARDEN: Sem-ungene lekte mye oppe i bunkerene på Høgevarden etter krigen. Her er noen av dem med et knippe etterkommere: Liggende foran: Ingrid Ueland, Svein Inge Lutsi, Karsten Lutsi og Johannes Ueland. Midtre rekke fra venstre: Astrid Hobberstad, Elisabeth Lutsi, Kjell Inge Bore, Gunn Ueland Revheim, Anton Ueland, Ingelin Ueland Hope, Solfrid Lutsi, Marit Ueland Hope, Ingrid Ueland Revheim, Leif Ueland, Tone Ueland Revheim, Ingvald Ueland og Jone Kristoffer Hope. Bakerst fra venstre: Brødrene Marius, Henrik og Andre Bore, May Bore, Kathrine Vetrhus, Øyvind Høyland, Maria Malena (Malli) Høyland, Karsten Ueland, Solveig Vetrhus og Martin Vetrhus. (Foto: Anne-Cath. Grimstad)



TYSKERPIGGTRÅD: Piggtråden som ble brukt i de tyske sperringene under krigen var solide saker. Her har Torlund Ueland funnet en kvast som har ligget ute i nesten 70 år, og som fortsatt er intakt. Sønnen Oddvar og barebarna Marion (t.v), Elin og Ola følger spent med når Torlund forteller. (Foto: Anne-Cath. Grimstad)



UTSLITTE SYKKELDEKK: Det var vanskelig å få tak i nye sykkeldekk under krigen, så de gamle ble brukt så lenge det overhode var mulig. Her viser Gudny Ueland barnebarnet Jon Andre Langerak hvordan de surret tråd rundt dekkene for å hindre at slangen tørt ut. Foto: Anne-Cath. Grimstad



PLASTINNSAMLING

Laurdag 13. desember kl. 10.00 – 13.00 har 4H plastinnsamling ved Felleskjøpet. Samstundes som du får rydda opp hos deg sjølv, gir du 4H ei kjærkommen inntekt


STRIKKEKAFEEN



Det vert og høve til å ta spødet med på kafeen på Mega måndag 1. desember kl. 16.30-19.00. Dette er siste gongen før jul, og så håper me å starta opp igjen i februar dersom det er interesse for dette trivselstiltaket i bygda vår.

Styret i Varhaug bygdekvinnelag:

Ikkje dei store endringane i styret etter årsmøtet i september. Astrid Varhaug takka for seg etter 4 år, og Aud Bratland Bø kom som ny inn i styret. Elles er desse med: Formann: Aud Håland, Britt Skretting, Kjellaug Aanestad Varhaug, Leikny Aanestad og Liv Hobberstad, studieleiar. Varmedlemar er: Bjørg Reime Håland, Grete Skretting og Reidun Aanestad.



Julegrana tennes!

Me nærmer oss nå advent, og det er igjen tid for tenning av julegrana på torget på varhaug. Julelysa er nå hentet fram, og vil bli hengt opp i løpet av uke 48. Sjelve tenninga av juletreet på torget vil foregå fredag 29/11 kl 17.30 (NB! Merk tida!) Korpset blir med, sammen med ei gruppe fra Misjonshuset og sørger for julesang og gang rundt juletreet.



Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

TIPPING **V75** **TOTO**
WWW.NORSK-TIPPING.NO

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

VARHAUG SKULE

Nybygg/rehabilitering

Etter planen til kommunen skulle vi komme i gang med nybygg og rehabilitering av bygningsmassen på Varhaug skule sommeren 2008. Av ulike årsaker er dette blitt utsett noen måneder. Vi er nå i slutfasen når det gjelder tegninger, slik at papirene snart blir sendt ut på anbud. Vi regner med å komme i gang i starten av mars måned. Det var kanskje en fordel at det ble utsatt litt da det var mye å gjøre for entreprenørene i vår og sommer.

I løpet av sommeren har vi også byttet arkitektfirma. Nå er det Fortunen i Bergen som tegner for oss. Det er også stor forskjell på de tegningene dere har sett før. Nå er alt det nye løst på et plan, og mye av gang arealet er borte til fordel for læringsareal til elevene. Dette er skolen veldig fornøyd med.

I byggeperioden er det tre trinn som skal ha læringsareal i 2. etasje der Bohus holder til i dag. Et trinn skal på ungdomsskolen og tre trinn skal være igjen på skolen. Administrasjonen skal ha kontor der Bohus er i dag.

Det blir krevende for alle parter i byggeperioden, men vi kan leve litt dårligere en periode når vi vet at store deler av skolen blir topp moderne og klar til innflytting i 2010.

Jan Harald Forsmo
rektor

SPAR



VARHAUG

TLF :51430136 • FAKS: 51430019

EPOST: SPAR.VARHAUG@NGBUTIKK.NET

Tilbuda gjelder fredag og lørdag:

Smultring
i laust pr stk

1⁹⁰

Reker i lake
170 gr
Sirevåg

22⁹⁰

Klementiner
pr.kg

14⁹⁰

Me leverer opp-
skåret frukt og
grønnsaker



Brus frå Berentsen.
Julebrus 0,33l.
pr. flaske + pant

4⁹⁰

Julekaffi
evergood
pr. Pose (250 gr)

14⁹⁰

NYSTEIKTE

**Kyst-/
Gardsbrød**
pr stk



Kaker frå Roxman til einkvar anledning





Gjenbruks- butikken går strykande

Då Varhaugbuen i nr. 1/08 skreiv om Hobby Maks som slutta på Varhaug etter 34 år, kunne ein på slutten lesa dette: "Hobby Maks AS er eigd av Misjonssentralen AS, som er ei grein av NLM. Om denne verksemda nå sluttar av, har dei planar om ein gjenbruksbutikk i staden"

Etter mykje arbeid, og mange timar med renovering av bygga, kunne dei offisielt opna gjenbruksbutikken 18.oktober. Og sidan då har alt godt utruleg bra, og omsetninga har vore mykje større enn forventa, seier ein nøgd butikksjef Helga Bøhn Skrettingland. I tillegg til henne er Arvid Natland butikkleider, Grethe Aarsland kassaansvarleg og så har dei 15

andre frivillige hjelparar som tek sin tørn i butikken både med sal og anna arbeid.


I butikken er det og ei sosial sofa-krå, der ein kan setja seg ned med kaffi, heimebakt og drøs. Baksten er det frivillige som kjem med kvar dag, og den som er på jobb syter for kaffien. Då Varhaugbuen var innom, var det ein roleg dag i motsetnad til andre, men så var det og skikkeleg surt ute med vind og mykje regn. Eg fekk sitronkake til kaffien, og Helga hadde tid til litt drøs, mens Karen Synnøve Ånestad Sæverhagen tok seg av dei som kom innom.

Helga skryt av alle dei flotte tinga folk kjem med, og difor er det og

gildt å selja dei. Her finn du det meste frå rulleskøyter til salongar og utruleg låge prisar. Helga seier at slik vil dei ha det. Vert prisane for høge, vert det mindre handel, og lageret hopar seg opp. Med låge prisar vert det rulling, og dei får betre plass til alt det nye som kjem inn.

Helga har faste dagar ho er på jobb, men er helst innom litt kvar dag pga prising av nye varer som kjem inn. "Det er så gildt å vera her, seier Helga, at eg vil mest ikkje vil gå heim igjen"

Ho seier vidare at dei kan ikkje få takka nok alle dei flinke pensjonistane som gjorde ein kjempejobb med å



få bygningane i stand til butikkdrift. Det er ikkje få timar dei har brukt for å få lokala så fine og innbydande. I det nordre bygget er det møbler, mens i det andre finn ein både steintøy, bøker, litt klede og mykje meir. Dei tek heile tida mot varer, men kvaliteten må vera slik at du kunne tenkt og kjøpt det sjølv. Alle er velkomne med ting dei av ulike grunnar ikkje har bruk for, men akkurat nå er dei "metta av" bøker og urner.

Helga seier alle er velkomne innom for å sjå koss dei har det. Det er ikkje jøpetvang, det er heilt ok om du berre kjem innom for å sjå. Og det er ikkje berre dei som leverar/kjøper som får kaffi.

Opningstida er slik: Måndag stengt. Tysdag-Fredag 1200-1700 Laurdag 11.00-1400



Liv

SOLSKJERMING

17. - 29. november

- Lameller
- Persiener
- Pliségardiner

15%

FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN
Varhaug - tlf. 51 43 61 00

Fra idé til virkelighet

DESIGNERS GUILD



Designers Guild stoffer med og uten mønster. Kan både være trykte og vevde.



VM i saueklypping

Her var og bygdekvinnelaget med, ikkje som klypparar, men som nokre av dei som sytte for at klypparane og andre fekk seg mat.

Fredag 3.oktober frå kl. 1100-1600 jobba denne spreke gjengen + underteikna med kaffikoking, servering og rydding. Frå venstre Grethe Skretting(hadde sjølsagt ansvaret for at kaffien vart god, Britt Skretting, Aud Håland, Leikny Aanestad, Kjallaug Aanestad Varhaug og Bjørg Reime Håland. Menyen denne dagen var hos oss kylling, ris, salat med ein utruleg god saus til og pølse i brød. I tillegg var det og brødmat av ymse slag. Ute var det regn og surt, så me var helst redde for at me hadde for lite klede på oss. Men det gjekk ikkje lenge rundt dei varme grytene før me ikkje tenkte på det lenger.



Dette vart ein travel men hyggeleg dag, og det var gildt å ta del i dette store arrangementet. Me møtte mange blide folk, og me fekk og lufta engelsken ein del. Då me var ferdig med økta vår, viste og veret seg frå den flotta sida med sol, slik at me fekk ein fin rusle/handletur både i Ullgata og elles. Litt av klyppinga fekk me og med oss. Det var og mange som hadde ungane med seg til dette store arrangementet, og eg klarde ikkje å gå forbi desse utan å "knipsa" dei; Magnus, Olav og Tord Mjåtveit, 9 månader gamle.

Liv

Gjør julehandelen hos oss!

Boch kjøkkenmaskin MUM 7230

m/1 plastbolle

1 stålbolle

Hurtigmikser

før kr 3100,-

NÅ 1690,-



coop
Varhaug ba



BYGDEKVINNELAGET

Laget hadde ei vellukka motevisning på Misjonshuset siste torsdagen i oktober. Liv's på Nærbø kom med ei mengde flotte klede, og dei lokale "mannekengane" var så scenevande at ein skulle ikkje tru dei hadde gjort anna.

Det var mindre folk enn i fjor, men det får styret ta på seg for manglande annonsering. Når ein ser bort frå det, var det ein gild og trivslege kveld med mykje fint å kvila augo på.




JULEMØTE

Varhaug bondelag og Varhaug bygdekvinnelag har julemøte på Lerbrekk torsdag 11. desember kl. 19.30

Det vert eit tradisjonelt møte meg grøt, lefse, lett underhaldning, mykje musikk og juleevangeliet.

Inngang kr. 50, der alle får eit lodd, så sparer me tid med loddsalet, og folk får betre tid til å drøsa saman

Alle velkomne, både kone og mann



JULETREFEST

Vennelaget v/Lerbrekk skule inviterar til den årlege Juletrefesten søndag 28. desember kl. 18.00.

Andakt v/Oddmund Nord-Varhaug
Mat i pose, konkurranse og litt snop
Alle er hjarteleg velkomne

Du treng ikkje vera med i Vennelaget for å koma til Lerbrekk





BYGDEKVINNELAGET

Dette skjer framover :

Torsdag 11. desember kl. 19.30
vert det julemøte på Lerbrekk der
både bondelag og bygdekvinnelag i
Lerbrekks krinsen har ansvaret for
programmet.

Januar torsdag 29. – medlemsmøte
som er ope for alle

Februar torsdag 26. – medlemsmøte
som er ope for alle

Mars - sonemøte på Klepp

April torsdag 30. – me er innbedne
til Klokkegarden

Mai – me dreg på tur, Sogndals-
trand??

Juni fredag 5. og laurdag 6. - Var-
haugmarken

SENTRUMS- RYDDEGJENGEN

Pensjonistene) må være flere, så her-
ved en oppfordring om å melde seg
til Abraham Nord-Varhaug. Som
medlem av gjengen vil du gjera en
stor jobb for fellesskapet og Varhaug
Sentrum. Du får frisk luft og sosialt
samvær, heilt gratis”



JÆREN SJAKKLUBB

på Bryne var det lagt opp til spele-
kveld torsdagar kl 1900 - 2130. Men
no har frivillighetssentralen (som had-
de lokala i 3. etasje på M44) flytta til
Røde Kos huset, og i skrivande stund
er det ikkje noe sjakk på gang. Me vil
sjå om det kan lukkast å koma i gong
att,- og vil skriva om det i neste num-
mer av bladet, som kjem i mars 2009.



VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGJEREN DET KOMMER AN PÅ

÷30 på alt lagerført utstyr i butikken



RØRLEGGJER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag 7.00 – 16.00

Torsdag 7.00 – 18.00 • Lørdag 9.00 – 13.00

50-års feiringa på skulen



Her kjem nokre bilete frå skulen då dei hadde ope hus i samband med jubileet. Flagget blafra godt i vinden, og ein smilande rektor tok mot gjestene med marsipankake og kaffi.

Elevane hadde laga ymse installasjonar og nokre hadde og teikna seg sjølv. Skulen var og møteplassen for generasjonane slik som her: Torunn Ueland Hobberstad, Tomine og Monica Nord Varhaug.



VENNELAGET FOR LENSMANNSGARDEN

hadde årsmøte 22. oktober. Styret er nå slik:
Leiar: Kjetil Skrettingland
Nestleiar: Eldar Odland
Sekretær: Anny Hagesæter
Kasserar: Frode Skretting
Styremedlem: Solveig Aanestad
Varamedlem: Svein Borgen



**Det er mørketid, så
husk lys på sykkel,
refleks, og helst refleks-
vest når du er ute og går.**






Fra venstre: Reidar, Rebekka, Synnøve, Eli, Olaug, Håvard og Sikke

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

Tlf. 51 43 02 16




Vi satser ungt og har med to lærlinger på laget

Vi tilbyr også ferdigmat:

- Koldtbord/smørbrød
- Steik m/saus
- Komla m/u kjøtt
- Gryterett m/salat
- Karbonader/kjøttkaker

Julematen er klar:

- Fenalår
- Pinnekjøtt
- Pinnebog. m.m.



SPAREPENGENE I TRYGGE RAMMER

Snakk med oss om
spareløsninger tilpasset
dine ønsker og behov

VELKOMMEN INNOM!

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Tlf.: 51 79 83 00

www.time-sparebank.no